



Knester-trålaren har vore storoppdraget dei siste månadene. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Den største verksemda i Uskedalen - Eidsvik Skipsbyggeri - annonserar no etter fleire folk innan tre fag, men Ståle Hallingstad ynskjer ikkje å talfesta kor mange dei treng.**

- Vi scannar marknaden og talet vil mellom anna avhenga av kor kvalifiserte søkjarar vi får, seier Hallingstad til uskedalen.no. Eidsvik har for tida 58 tilsette og sleg i annonsen fast at dei har ein god økonomi og ein god ordresreserve.

”Vi søker no etter medarbeidarar som ynskjer utfordrande og varierte arbeidsoppgåver i ei spanande og framtidsretta næring”, heiter det i annonsen. Eidsvik søker etter både fagarbeidarar , hjelpearbeidarar og lærlingar i faga industrirøyrleggjar, industrimekanikar og platearbeidar. Dei vil prioritera søkjarar med fagbrev, men vil ogå vurdera søkjarar med relevant erfaring.

Bedrifta har kome langt med Knester-trålaren som skal leverast til Austevoll no i vår. Dette er den største fiskebåten som Eidsvik har utstyrt nokon gong. Det neste blir byggjing av ein trålar til Skottland. Skroget kjem til Uskedalen i mai og Eidsvik skal byggja overbygg og styrehus. Trålaren skal leverast i april neste år.

Eidsvik har ein vesentleg produksjon av utstyr til oppdrett- og offshoreindustrien. I den seinare tid har det gått rykte om store kontraktar innan offshore, men Eidsvik-leiinga ynskjer førebels ikkje å kommentera dette. Gjennom eigarskapet i Vestdavit har dei også langsiktige leveringsavtaler på davitar i stål og aluminium.

Av Ola Matti Mathisen